

Statsbudsjettet 2022 - kapittel 1429 post 73 – Brannsikring - Omtale av søknader

Kulturmiljø	Søkjær	Kommune	Søknad om	Restmidler	Totalkostnad	Omsøkt sum	Forslag tilskot 2022	Forslag tilsagn 2023	Vurdering av søknad
Bryggen, Laksevåg, Marken, Nordnes, Nøstet, Salhus, Stranden og Vågsbunnen	Bergen brannvesen	Bergen	Installasjon av komfyrvakt. Vidareføring av KOMBRA-prosjekt trinn 1 som vart fullført i 2021.	0	3 700 000	3 000 000	1 300 000	1 350 000	Søknaden frå Bergen brannvesen er ei vidareføring av arbeidet med etablering av komfyrvakt i tette trehusmiljø som fram til no ikkje har fått tilbod om komfyrvakt. Tiltaket følger heilskapleg brannsikringsplan frå 2015 og bidreg til å nå måla i den. Områda har høg kulturminneverdi. Det er eit større prosjekt som kan gå over to år dersom det er naudsynt. Tiltaket er egna for en kombinasjon av tilsagn og forhåndstilsagn i 2022 og 2023. Bergen brannvesen gjennomførte i 2021 tilsvarande tiltak med en totalkostnad på kr 4.000.000 som ble tildelt av RA i 2019, og har kompetanse og kapasitet til å gå vidare med tilsvarande opplegg for usikra brannsmitteområder i Bergen. Risikoen for spreing er stor og det er store og komplekse trehusmiljø å sløkkje i dersom det brenn.
Lærdalsøyri	Brannvesenet i Lærdal	Lærdal	Loftssprinkling (6 hus i denne omgang), innsatsplan og utgreiing av varmesøkende kamera. Totalkostnaden på kr. 700.000 er delt inn i 500.000 til sprinkling av loft, 100.000 til innsatsplan og 100.000 til utgreiing.	0	700 000	350 000	350 000	0	Tiltaka er ein del av ein heilskapleg og oppdatert brannsikringsplan. Sprinklinga videreførar pågåande brannsikringsarbeid. Søknaden er ein kombinasjon av sløkketekniske tiltak (loftssprinkling) og preventive tiltak (innsatsplan og utgreiing av varmesøkende kamera). Alle tiltaka vil auke brannsikkerheten på bygningsmiljø med høg verneverdi. Området har stor fare for spreing på grunn av liten avstand. Det er gjennomført sprinkling i deler av området, nå planleggast sprinkling av 6 hus som står svært tett og sentralt i Lærdalsøyri.
Otternes	Stiftinga Otternes bygdetun	Aurland	Revidering av brannsikringsplan inkludert utarbeiding av tiltaksplan.	0	52 900	52 900	50 000	0	Søknad fra Otternes er for oppdatering av en eldre brannsikringsplan. Her er det svært viktig å komme i gang med brannsikringsarbeidet så snøgt som mogleg, siden det er få effektive brannsikringstiltak på staden i dag. Tiltaka i brannsikringsplanen fra 2010 er i liten grad satt i verk, og planen er utdatert. Otternes er eit klyngetun med svært høg kulturhistorisk verdi, fredningssak pågår p.t. Tunet er nyleg overtatt av ei stifting, og har i samarbeid med brannvesenet i Aurland søkt om oppdatering av plan for å arbeide systematisk med brannsikring av kulturmiljøet. Arbeidet inkluderer utarbeiding av tiltaksplan. Fleire risikomoment skildra i veilederen for post 73 gir argument for at Otternes bør prioriterast høgt. Særleg er tilgangen på sløkkevann en stor utfordring for brannsikkerheten, men også tilgjengeligheten med brannkøyretøy er meget vanskelig.
Totalt				0	4 452 900	3 402 900	1 700 000	1 350 000	